Meland kommune

Bjørnar Brakstad
Ytre Brakstad 5 A
5918 FREKHAUG

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Kristin Moe	04.07.2018
Vår: 18/1801 - 18/15153	kristin.moe@meland.kommune.no	

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på gbnr. 6/6

Saka gjeld
Meland kommune har 06.09.2017 motteke melding frå firmaet Norva24 Vest AS om at septiktank på tilhøyrande eigedom har lause skiljevegger.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt
Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk no som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt tillating til det. Lause skiljevegger kan føre til at flyteslam blir leidd frå første kammer til dei andre kammera. Mykje flyteslam i utløpet av kummen kan føre til slamflukt og fare for gjentetting av infiltrasjonsfilteret.

I medhald av forurensningsloven § 7 fjerde ledd jf annet ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureining som er i strid med loven, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege formar.

Varsel om pålegg om retting
Med heimel i forurensningsloven § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 17.09.2018:**

Retting må skje ved at skiljeveggene blir reparert. For å utbetra septiktanken må du kontakte eit godkjent røyrleggjarføretak eller føretak som har ansvar for tømming av tanken din. Vesentleg reperasjon eller endring av avløpsanlegg er i utgangspunktet eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-1. Dersom du er usikker på om utbetringa/reperasjonen av septiktanken er eit søknadspliktig tiltak kan du ta kontakt med Meland kommune. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknanden kan du sjølv utføre dette arbeidet.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når skiljeveggen er reparert.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg dykk å utbetra septiktanken i medhald av forurensningsloven § 7. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (brev) ved utløp av tidsfrist.

Varsel om ilegging av tvangsmulkt
Med heimel i forurensningsloven § 73 gjev Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 17.09.2018.**

Tilbakemelding
Når avløpsanlegget er reparert, må du og eventuelle sameigarar fylle ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen.

- E-post: postmottak@meland.kommune.no
- Brev: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Dine rettar
Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Bjørnar Brakstad	Ytre Brakstad 5 A	5918	FREKHAUG